

BJØRKEDAL KYSTLAG ÅRSMELDING 2013



STYRET:

Tove Aurdal Hjellnes, leiar
Frode Pilskog, nestleiar
Heidi Thöni Sletten, kasserar
Steinar Lyngnes, styremedlem
Ann-Elin Haugland Bjørkedal, styremedlem

Birte Einan, 1. vara
Arve Bjørkedal, 2. vara
Ottar Bjørneset, 3. vara
Erlend Helset, 4. vara

VALNEMND: Nils Ola Skuset og Rune Husevåg

REVISOR: Olav Eidseflot

MEDLEMSUTVIKLING: 107 medlemmar ved årsskiftet. 109 for eit år sidan.

MØTER:

Årsmøtet vart avvikla utanfor Jakobsskotet på Søre Bjørkedal laurdag 27. april 2013.

Styret har hatt fire styremøter og elles diskutert saker via e-post.

REPRESENTASJON OG AKTIVITET

Tove og Heidi deltok på landsmøtet til Forbundet KYSTEN i Bodø 12.-14. april 2013. Tove vart valt inn i landsstyret som fast representant.

Årsmøtefest på Ungdomshuset 27. april, servering av klippfisk og kornøl.

Skog- og handverksdagen vart arrangert søndag 16. juni og var knytt opp mot Kystens dag. Arrangementet var eit samarbeid med Bjørkedal båtsamlingar, Bjørkedal skogeigarlag og Volda/Ørsta skogeigarlag. Omlag 300 var innom i løpet av dagen. Dekning i Møre og Fjordabladet.



Vi deltok på Trebåtfestivalen i Ulsteinvik 15.-18. august med «Troll» og «Nordlys».

Rostemnet vart arrangert på Helset laurdag 31. august. Jakob Helset stilte båtar og anlegg til disposisjon for kystlaget. Mellom 150 og 200 var innom.



Heidi deltok på eit regionseminar i regi av Forbundet KYSTEN i Kristiansund 13.-15. september.

Tove holdt foredrag og Forbundet KYSTEN og Bjørkedal båtsamlingar i Ålesund skipperforening 12. september.

Heidi laga ny heimeside: bjørkedalkystlag.no

Heidi har fullført arbeidet med å registrere fartøya til kystlaget og båtsamlingane i tradisjonsbåtregisteret på lokalhistorewiki.no

FARTØYA:

Nordlys: Er frameleis i bra stand. Det er oppdaga noko råte framme på babord side og det er problem med vinsjen.

Båten vart slippsett på Borgstein i mai. Ståle Mek gjorde ein stor innsats for å få arbeidet unna i løpet av ei helg.

Flåte og overlevingsdrakter vart sjekka av Fosnavåg Notbøteri.

Høgskulen leigde Nordlys til å transportere studentar frå friluftslivslinja til Yksnøya både våren og hausten 2013.

I 2013 var det stort sett Arvid Stokkenes og Steinar Lyngnes som førte båten.



Troll: Er satt på land og skal klinkast opp att. Hans Høydalsnes har gått over motoren og den er klar for å verte satt inn att i båten.



Volda 23.03.14

Tove Aurdal Hjellnes
Frode Pilskog
Heidi Thöni Sletten
Ann-Elin Haugland Bjørkedal
Steinar Lyngnes